



Selje kommune

Møtebok

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Furebuda Leikanger
Dato: 15.12.2016
Tid: Kl. 14:00 - 22:00

Følgjande medlem møtte

Åge Lundebrekke	Ap
Anfinn Sjøstad	Frp
Anne Lise Drage	Frp
Marita Aarvik	Frp
Svein Hansen	Frp
Geir Årvik	H
Kenneth Brandal	H
Stein Robert Osdal	KrF
Gunn Sande	Sp
Kjetil Friberg	Sp
Andreas Rundereim	Tp
Gunnar Silden	Tp
Jan Vidar Smenes	Tp
Judith Kvåle	Tp
Terje Ødegård	Tp
Veronica Hatlenes	Uavh

Forfall meldt frå følgjande medl.

Raymond Myren

Parti

KrF

Følgjande varamedlem møtte

Ronald Haaland

Parti

KrF

Andre som møtte

Geir Kvisten

Ørnulf Lillestøl, førte møteboka.

Innkalling og sakliste - godkjent.

Kommunestyret handsama sakene i slik rekkefølge: 72, 73, 77, 80, 81, 74, 75, 76, 78, 79, 82, 84, 83.

Prisutdeling:

Under festmiddag med innbedne gjestar vart det tildelt merksemd til tilsette og utdelt:

Kulturprisen 2016 til Guni Liv Reed.

Idrettsprisen 2016 til Odd L. Drabløs.

MOT Ærespris til John Arve Trandal.

Møteleiar: Stein Robert Osdal

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
072/16	Godkjenning av møteprotokoll
073/16	Referatsaker
074/16	Forlenging av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse 2012- 2015
075/16	Breibandsutbygging til Lesto-Salt og Årvik-Honningsvåg
076/16	Handlingsplan mot vald i nære relasjonar Selje kommune
077/16	Rutine for eierskapsstyring Selje kommune
078/16	Gjeldsrådgiver i Nordfjord
079/16	Overvassproblem - nedstraums Grønveita bustadfelt - framlegg til løysing
080/16	Kontrollutvalet sak 37/16 - Rapport forvaltningsrevisjon - offentlege innkjøp - drift
081/16	Kontrollutvalet sak 38/16 - Rapport forvaltningsrevisjon - offentlege innkjøp - investering
082/16	Kommunestruktur - ny vurdering
083/16	Gebyr og betalingsatsar 2017
084/16	Budsjett 2017 - Økonomiplan 2017-2020



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
072/16	Kommunestyret	15.12.2016

Godkjenning av møteprotokoll

Tilråding frå administrasjonen:

Møteprotokollen frå møte 27.10.16 vert godkjent slik den ligg føre.

Vedlegg i saka:

03.11.2016 Protokoll - Kommunestyret - 27.10.2016 1327036

Kommunestyret 15.12.2016:

Handsaming:

17 voterande

KS- 072/16 Vedtak:

Møteprotokollen frå møte 27.10.16 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
073/16	Kommunestyret	15.12.2016

Referatsaker

Tilråding frå administrasjonen:

Referatsaker vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

1. Kommunerevisjonen sak 2016-14 - Uttale om utgreiing i samband med vurdering av omorganisering av kommunerevisjonen
2. Samstyret for Kommunerevisjonen i Nordfjord - Møtebok 21.11.16
3. Synergiutvalet - referatsak til orientering
4. Møteplan 2017
5. Møteprotokoll - Kontrollutvalet 05.12.16
6. Kommentar til budsjettforslag for Selje kommune 2017

Kommunestyret 15.12.2016:

Handsaming:

17 voterande

Spørsmål

KS-sak 19/16 i Kommunestyret 28.04.16 - vedk. "Selje kommune ønsker i denne prosessen rundt Selje sentrum at det vert oppretta ei arbeidsgruppe bestående av næringslivet og Nordfjord hamn og ein representant utpeika frå rådmannen i Selje kommune som kan lage eit prosjekt for dette området".

Kommunestyret 15.12.16 ber om at denne saka vert følgd opp.

KS- 073/16 Vedtak:

Referat 1: Revisjonssjef Markvard Sunde orienterte under referat 1 og 2. Selje kommune vil presisere vedtaket i Komm.styret under sak 71/16 og at revisjonen følger opp dette.

Teke til vitande.

Referat 2: Teke til vitande.

Referat 3: Synergiutvalet - Synergigruppa held fram til neste kommunestyre og evaluering vert gjennomført. Teke til vitande.

Referat 4: Møteplan 2017 vart justert og godkjent. Teke til vitande.

Referat 5: Møteprotokoll Kontrollutvalet vart teke til vitande.

Referat 6: Kommentar til budsjett 2017 vert å ta med under handsaming av sak KS 84/16.

Samrøystes.



Arkiv: FE - 141, FA - C22,
HIST - 14/455, HIST -
15/406
JournalpostID: 16/21471
Saksbehandlar: Maria Helgesen

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
101/16	Formannskapet	15.12.2016
074/16	Kommunestyret	15.12.2016

Forlenging av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse 2012- 2015

Bakgrunn for saka:

Kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse, (KIFFF) skulle reviderast i 2015. På grunn av både nedskjeringar, omstilling og endringar i administrasjonen, hadde ein ikkje nok tid og riktig kompetanse til å køyre ein god prosess.

Forlenging av KIFFF planen var oppe som sak i formannskapet 17.10.15 og i kommunestyret 16.11.15. Det vart samrøystes vedtatt å utsetje revisjonen av kommuneplanen for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse 2012- 2015 og at denne planen vart forlenga til å gjelde ut 2016.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Revisjonen av Kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse 2012 – 2015 blir utsett eit år til, og og planen gjeldane ut 2017.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 15.12.2016

Revisjonen av Kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse 2012 – 2015 blir utsett eit år til, og og planen gjeldane ut 2017.

Vedlegg i saka:

29.11.2016 KIFFF ferdig plan 201211 1327846

Andre dokument i saka:

30.09.2016 14/5310 Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv - Revisjon handlingsprogram 2014

30.09.2016 14/3673 Kommunedelplan for Selje kommune

Formannskapet 15.12.2016:

Handsaming:

7 voterande

Votering:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 7 røyster for. Samrøystes

FS- 101/16 Vedtak:

Revisjonen av Kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse 2012 – 2015 blir utsett eit år til, og og planen gjeldane ut 2017.

Kommunestyret 15.12.2016:

Handsaming:

17 voterande

Votering:

Innstilling frå Formannskapet 15.12.16 fekk 17 røyster for. Samrøystes

KS- 074/16 Vedtak:

Revisjonen av Kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse 2012 – 2015 blir utsett eit år til, og planen gjeldane ut 2017.

Saksopplysningar:

Ein er godt i gang med revisjonen av planen, men det manglar tid til å ha planen på høring. Det er også ein viktig del som må på plass i forhold til planprogram.

Ein ber no om at ein utset revisjonen av planen eit år til og godkjenn planen til å gjelde ut 2017.

Om kommunen ikkje har godkjent plan, har ein ikkje rett på spelemidlar til fordeling i 2017. Forlenginga er anbefalt og avklara med Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Å ikkje ha ein godkjent plan kan ha store konsekvensar for det frivillige arbeidet og utviklinga av idrett og aktivitetsmuligheitene for innbyggjarane i Selje kommune. Akkurat i år for Selje kommune sin del, er det ingen nye og/eller fornying av spelemiddelsøknadar. Det blir då heller ingen sak om prioriteringar av spelemidlar og rullering av handlingsprogrammet i 2016.

Men ein vil uansett tilrå at ein får vedtak på at planen blir godkjent og gjeldane ut 2017.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
090/16	Formannskapet	24.11.2016
075/16	Kommunestyret	15.12.2016

Breibandsutbygging til Lesto-Salt og Årvik-Honningsvåg

Bakgrunn for saka:

«Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått tildelt kr. 30.290.000 , - frå den nasjonale støtteordninga for breibandutbygging i 2016.

Selje kommune sine utbyggingsprosjekt, Breiband til Lesto - Salt og Årvika – Honningsvågen, er to av 21 delprosjekt under hovudprosjektet Breibandløftet Sogn og Fjordane 2016.

Desse to prosjekta har tilsaman fått kr. 2.356.988 i statleg tilskot. Statleg tilskot føreset kommunal eigendel kr. 300.000, som må leggest inn i budsjett og økonomiplan»

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret set av kr. 300.000 som kommunal eigendel på investeringsbudsjettet i 2018 i samband med breibandsprosjekta Lesto-Salt og Årvik-Honningsvåg.

Rådmannen er prosjektansvarleg. Reidar Sandviknes er prosjektleiar.

Kontaktpersonar i dei i aktuelle områda:

Lesto-Salt: Thor Øyvind Larsen og Magnar Hatlenes.

Årvik- Honningsvåg: Ove Waag og Per Vidar Årvik.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 24.11.2016

Som rådmannen sitt endra framlegg, med teksten i linje 2 som fylgjer:

Rådmannen er prosjektansvarleg. Rådmannen utpeikar prosjektleiar.

Vedlegg i saka:

12.10.2016 Tilskotsbrev - Breibandutbygging til Lesto-Salt og Årvika- 1326452
Honningsvågen

Formannskapet 24.11.2016:

Handsaming:

7 voterande

Rådmannen la fram nytt endra framlegg; Som tidlegare framlegg, men med endring i linje 2:

Rådmannen er prosjektansvarleg. Rådmannen utpeikar prosjektleiar.

Votering:

Rådmannen sitt endra framlegg til vedtak fekk 7 røyster for. Samrøystes

FS- 090/16 Vedtak:

Som rådmannen sitt endra framlegg, med teksten i linje 2 som fylgjer:

Rådmannen er prosjektansvarleg. Rådmannen utpeikar prosjektleiar.

Kommunestyret 15.12.2016:

Handsaming:

17 voterande

Kommentar/oppløysing frå representanten Gunnar Silden:

Prosjektleiar tek kontakt med Marine Harvest i høve mogeleg forlenging av fiber til anlegget i Rundereimstranda.

Votering:

Innstilling frå Formannskapet 24.11.16 fekk 17 røyster for. Samrøytes

KS- 075/16 Vedtak:

Kommunestyret set av kr. 300.000 som kommunal eigendel på investeringsbudsjettet i 2018 i samband med breibandsprosjekta Lesto-Salt og Årvik-Honningsvåg.

Rådmannen er prosjektansvarleg. Rådmannen utpeikar prosjektleiar.

Kontaktpersonar i dei i aktuelle områda:

Lesto-Salt: Thor Øyvind Larsen og Magnar Hatlenes.

Årvik- Honningsvåg: Ove Waag og Per Vidar Årvik.

Saksopplysningar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune er prosjekteigar for hovudprosjektet og kommunen vert delprosjekteigar for utbyggingsprosjekt.

Budsjettoppstilling for dei to områda samla:

Tilskot	
Tilskot frå Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom)	2 200 000
Tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune	156 988
Sum tilskot frå stat og fylkeskommune	2 356 988
Tilskot frå kommunen	300 000
Sum off. tilskot	2 656 988
Andre bidrag	

Prosjektleiing i kommunen	80 000
Hustandane sin etableringskostnad,eigeninnsats iog /eller dugnad	1 250 000
Breibandleverandøren sitt forventa bidrag	2 200 000
Samla byggekostnad	6 186 988

I vedlagt tilskotsbrev finn vi vilkåra for tildeling av tilskotsmidlane. Her går det m.a fram at

- Kommunen må garantere for sin eigendel gjennom eit politisk vedtak hausten 2016. Dei budsjettmessige konsekvensane skal vere innarbeidde i økonomiplanen.
- Kommunen må etablere eit prosjekt med prosjektansvarleg og prosjektleiar. Det må settast av nødvendig tid til gjennomføring av utbyggingsprosjektet og oppfølging av leverandør/utbygger, jamfør søknad.
- Kommunen skal etablere eit eige prosjektrekneskap med rutinar for økonomistyring og rapportering.
- Kommunen pliktar å gjennomføre prosjektet i samsvar med lov - og forskrift om offentlege innkjøp. Prosjektet skal lysast ut på anbod og anbodsprosessen skal vere open, ikkje - diskriminerande og basert på konkurranse. Kommunen må publisere prosjektet på Doffin

Framdrift:

Framdriftsplan for prosjeka er i tråd (litt justert) med framdriftsplan i søknaden og årshjulet i breibandstrategi for Sogn og Fjordane 2016 - 2020.

November 2016 Nov. /Des. 2016	Prosjektet er etablert og bemanna Utarbeide konkurransegrunnlag etter tilsendt mal
Des. 2016 Januar 2017	Politisk handsaming i kommunen. Eigenfinansiering vedteken Kunngjering på Doffin
Feb.- Mars 2017	Evaluering av tilbod. Gjennomføre forhandlingar
April/Mai 2017	Kontrakt signert. Karenstid.
April 2017- August 2018	Utbygging. Oppfølging av leverandør
September 2018	Dokumentering og sluttrapportering
Oktober 2018	Prosjektet er gjennomført og godkjent. Utbetaling

Forankring:

I føringar frå Fylkeskommunen legg ein mykje vekt på at breibandsprosjekta er forankra i dei bygdene der utbygginga skjer. Dette er med å sikre at ein får reell interesse for prosjekta og meir sikre tal på mulige kundar. Det vil og auke motivasjonen for forventa eigenfinansiering og dugnad frå bygdene. I den samanheng har bygdene peika ut to personar frå kvart område som skal vere kontaktpersonar opp mot kommunen og koordinere dugnadsinnsats m.m.

For Lesto-Salt er dette: Thor Øyvind Larsen og Magnar Hatlenes

For Årvik- Honningsvåg er dette: Ove Waag og Per Vidar Årvik .

Vi har hatt informasjonsmøte med kontaktpersonane. Kontaktpersonane har hatt bygdemøter og «lodda stemninga». Sakshandsamar har fått lister som viser over 50 interesserte i Årvik og Honningsvåg og over 50 Lesto- Salt. Innbyggjarne vil bidra både økonomisk og med dugnad.

Kommunal eigenfinansiering: Stat og fylkeskommune føreset kommunal eigenfinansiering kr. 300.000. Dette må kommunestyret garantere for i eige vedtak og leggast inn i økonomiplanen. Vil tru dei fleste meiner at breibandstilgang burde vere eit statleg ansvar med full finansiering over heile landet, men slik er det ikkje. Realiteten er slik at dersom ein ikkje er med på opplegget slik det er skissert i saka, får ein ikkje tilskot og utbygging. Sakshandsamar vil difor tilrå kommunal eigenfinansiering lagt inn i økonomiplanen for 2018



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
091/16	Formannskapet	24.11.2016
076/16	Kommunestyret	15.12.2016

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar Selje kommune

Bakgrunn for saka:

Alle kommunar i Noreg er oppmoda til å lage handlingsplan mot vald i nære relasjonar, fordi slik vald er eit alvorleg samfunnsproblem og eit offentleg ansvar. Ei tverrfagleg arbeidsgruppe i Selje kommune har i 2015 utarbeida plan og rutinar for arbeid mot vald i nære relasjonar i Selje kommune. Etter enkel oppdatering og redigering denne hausten er planen klar for vedtak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar Selje kommune vert vedteken slik den ligg føre.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 24.11.2016

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedlegg i saka:

07.11.2016	Handlingsplan Vald i nære relasjonar Selje - juli	1327216
07.11.2016	Implementeringsplan for Handlingsplan mot vald i nære relasjonar mai for høyring Sjumilssteget	1327217
07.11.2016	Plan for tiltaksutvikling Selje - Vald i nære relasjonar - mai for høyring Sjumilssteget	1327218
07.11.2016	Prosedyre for valds- og overgrepssaker, vaksne	1327219
07.11.2016	Proseryrer Selje Vald i nære relasjonar barn og unge	1327220

Formannskapet 24.11.2016:

Handsaming:

7 voterande

Votering:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS- 091/16 Vedtak:

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Kommunestyret 15.12.2016:

Handsaming:

17 voterande

Votering:

Innstilling frå Formannskapet 24.11.16 fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS- 076/16 Vedtak:

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar Selje kommune vert vedteken slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Innhaldet i denne planen rettar seg mot alle i Selje kommune som er utsett for vald i nære relasjonar. Den rettar seg også mot dei som skal hjelpe den valdsutsette i ein vanskeleg situasjon, og mot dei som er vitne til valden. Handlingsplanen peikar på at valdsutøvar skal ha reaksjon, ofte behandling, i høve si valdsåtferd.

Handlingsplanen skal vere ein reiskap både til konkret hjelp og som informasjon til innbyggjarane og hjelpeapparatet i Selje kommune.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
092/16	Formannskapet	24.11.2016
077/16	Kommunestyret	15.12.2016

Rutine for eierskapsstyring Selje kommune

Bakgrunn for saka:

Som en del av grunnlaget for kontrollutvalget sin selskapskontroll for inneværende kommunevalgperiode, som må behandles i kontrollutvalget og kommunestyret før nyttår (lovkrav), er det utarbeidet nye retningslinjer og rutiner for eierskapsstyring i Selje kommune.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rutine for eierskapsstyring for Selje kommune vedtas slik den ligger vedlagt.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 24.11.2016

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedlegg i saka:

12.11.2016 Rutine for eigarskapsstyring Selje kommune 1327420

Formannskapet 24.11.2016:

Handsaming:

7 voterande

Votering:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS- 092/16 Vedtak:

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Kommunestyret 15.12.2016:

Handsaming:

17 voterande

Votering:

Innstilling frå Formannskapet 24.11.16 fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS- 077/16 Vedtak:

Rutine for eierskapsstyring for Selje kommune vedtas slik den ligger vedlagt.

Saksopplysningar:

«Skriv her»



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
093/16	Formannskapet	24.11.2016
078/16	Kommunestyret	15.12.2016

Gjeldsrådgiver i Nordfjord

Bakgrunn for saka:

Etter en prosjektperiode fra og med mai 2013 med en gjeldsrådgiver i Nordfjord, er det nå ønskelig å opprette en fast 100% stilling som gjeldsrådgiver for alle nordfjordkommunene fra og med 01.01.2017.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Selje kommune slutter seg til at det blir opprettet en 100% fast stilling som gjeldsrådgiver for de syv Nordfjordkommunene Bremanger, Selje, Vågsøy, Eid, Gloppen, Hornindal og Stryn, fra 01.01.2017.

2. Stillingen plasseres organisatorisk på NAV, og det er NAV lederen som leder kontoret der gjeldsrådgiveren bor, som får personalansvaret.

3. Stillingen finansieres årlig over driftsbudsjettet til NAV, som for Selje utgjør ca. 65 000 kroner i 2017. Kostnaden til denne stillingen er inkludert i Rådmannens budsjettframlegg for 2017.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 24.11.2016

Som rådmannen sitt framlegg, med fylgjande tillegg i nytt pkt. 4:

4. Ein føreset at vedkomande stilling har tenestestad på næraste NAV-kontor i forhold til andelen Selje kommune støttar stillinga med.

Vedlegg i saka:

12.11.2016 Plan for felles gjeldsrådgiver i Nordfjord fom 2017 1327418

Formannskapet 24.11.2016:

Handsaming:

Framlegg frå Høgre:, foreslått av Geir Årvik, Høgre
Som rådmannen sitt framlegg, med fylgjande tillegg:

4. Ein føreset at vedkomande stilling har tenestestad på næraste NAV-kontor i forhold til andelen Selje kommune støttar stillinga med.

7 voterande

Votering:

Framlegg frå Høgre fekk 6 røyster for og 1 mot.

FS- 093/16 Vedtak:

Som rådmannen sitt framlegg, med fylgjande tillegg i nytt pkt. 4:

4. Ein føreset at vedkomande stilling har tenestestad på næraste NAV-kontor i forhold til andelen Selje kommune støttar stillinga med.

Kommunestyret 15.12.2016:

Handsaming:

17 voterande

Votering:

Innstilling frå Formannskapet 24.11.16 fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS- 078/16 Vedtak:

1.Selje kommune slutter seg til at det blir opprettet en 100% fast stilling som gjeldsrådgiver for de syv Nordfjordkommunene Bremanger, Selje, Vågsøy, Eid, Gloppen, Hornindal og Stryn, fra 01.01.2017.

2.Stillingen plasseres organisatorisk på NAV, og det er NAV lederen som leder kontoret der gjeldsrådgiveren bor, som får personalansvaret.

3. Stillingen finansieres årlig over driftsbudsjettet til NAV, som for Selje utgjør ca. 65 000 kroner i 2017. Kostnaden til denne stillingen er inkludert i Rådmannens budsjettframlegg for 2017.

4. Ein føreset at vedkomande stilling har tenestestad på næraste NAV-kontor i forhold til andelen Selje kommune støttar stillinga med.

Saksopplysningar:

Seks av de syv Nordfjordkommunene (alle utenom Gloppen) fikk i perioden mai 2013 tom 2015 tildelt prosjektmidler fra arbeids- og velferdsdirektoratet til en 100% prosjektstilling som gjeldsrådgiver for de seks kommunene. Det var en forventning fra arbeids- og velferdsdirektoratet at kommunene videreførte stillingen som gjeldsrådgiver i etterkant av prosjektperioden.

Etter prosjektperioden gikk Selje, Gloppen og Eid sammen om en 40% engasjementstilling som gjeldsrådgiver i de tre kommunene for 2016.

Det er nå ønskelig at det blir opprettet en fast 100% stilling som gjeldsrådgiver for alle de syv Nordfjordkommunene fra og med 01.01.2017. Kostnadene til en 100% stilling er beregnet til rundt 660 000 kroner, alt inkludert. Kostnadene blir fordelt etter Nordfjordrådets sin kostnadsnøkkel. Se

for øvrig vedlagte «Plan for felles gjeldsrådgiver i Nordfjord», for mer utfyllende informasjon.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
098/16	Formannskapet	24.11.2016
079/16	Kommunestyret	15.12.2016

Overvassproblem - nedstraums Grønveita bustadfelt - framlegg til løysing

Bakgrunn for saka:

«Handtering av nedstraums overvassproblem i samband med utbygging av Grønveita byggefelt. Val av løysing.

Saka vart handsama i kommunestyre 23.06.16, K-sak 035/16 med fylgjande vedtak:

«Utsette saka og få informasjon om historikk, tekniske teikningar og konsekvensar av både positive og negative vedtak

Saka vert å legge fram til ny handsaming i Formannskapet og Kommunestyret.»

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Med bakgrunn i det som går fram av saksutgreiinga, vert det vedteke å nytte rørgata som pr. i dag går over gbnr. 24/55 og 88 og som har dimensjon 1000 mm, for bortleiing av overvatnet frå ma. byggefeltet Grønveita.

Tiltaka som er nemnde for å auke kapasiteten skal gjennomførast og kostnadane vert å belaste sjølvkostområdet utan innkrevjing av noko form for anleggsbidrag.

Midlar til prosjektet vert å innarbeide i investeringsbudsjettet for 2017 evt. ved overføring av midlar avsett på inv.budsjett - 2016 for gjennomføring av avløpsplanen.

Etter at ovanstående utbetringar er gjennomførte, overtek kommunen drift og vedlikehald av rørgata inkl. inn- og utløpsarrangement. Dei årlege utgiftene med dette vert å belaste sjølvkostområdet avløp.

»

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 24.11.2016

Som Rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedlegg i saka:

19.10.2016	Teikningseksempel, vingemur-innløp	1326647
16.11.2016	Overvassproblem - nedstraums Grønveita bustadfelt - framlegg til løysing.(104830)-1. handsaming-K-sak 035.16	1327518
17.11.2016	Plan for overvatn-Leikanger-Grønveita (5484)	1327570

Andre dokument i saka:

17.11.2016	Plan for overvatn-Leikanger-Grønveita
16.11.2016	16/2574 Overvassproblem - nedstraums Grønveita bustadfelt - framlegg til løysing.(104830)-1. handsaming-K-sak 035.16
17.10.2016	Vedk. overvann Felt A, Leikanger-Grønveita

Formannskapet 24.11.2016:**Handsaming:**

6 voterande

Votering:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 6 røyster for. Samrøystes.

FS- 098/16 Vedtak:

Som Rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Kommunestyret 15.12.2016:**Handsaming:**

16 voterande

Votering:

Innstilling frå Formannskapet 24.11.16 fekk 12 røyster for og 4 mot.

KS- 079/16 Vedtak:

«Med bakgrunn i det som går fram av saksutgreiinga, vert det vedteke å nytte rørgata som pr. i dag går over gbnr. 24/55 og 88 og som har dimensjon 1000 mm, for bortleiing av overvatnet frå ma. byggefeltet Grønveita.

Tiltaka som er nemnde for å auke kapasiteten skal gjennomførast og kostnadane vert å belaste sjølvkostområdet utan innkrevjing av noko form for anleggsbidrag.

Midlar til prosjektet vert å innarbeide i investeringsbudsjettet for 2017 evt. ved overføring av midlar avsett på inv.budsjett - 2016 for gjennomføring av avløpsplanen.

Etter at ovanstående utbetringar er gjennomførte, overtek kommunen drift og vedlikehald av rørgata inkl. inn- og utløpsarrangement. Dei årlege utgiftene med dette vert å belaste

sjølvkostområdet avløp.

»

Saksopplysningar:

«Med utgangspunkt i vedtaket i K-sak 035/16, er det gjort fylgjande vurderingar:

HISTORIKK

Så langt sakshandsamar kjenner til, har ingen utbyggjarar i dette området eller i nokon andre områder i kommunen, tidlegare delteke økonomisk i særskilde overvasstiltak utanfor byggefelta.

Krav om delbetaling i områder som er delvis utbygde frå før, vil vere å innføre ein ny praksis.

Dersom ein ønsker innføring av eigenbetaling, bør dette vurderast i samband med nye utbyggingsområder, der alle i utgangspunktet stiller likt i høve å ha nytte av tiltaket.

TEKNISKE PLANER /TEIKNINGAR

Det er no føreteke kontroll av aktuell rørgate inkl. inn- og utløp og endeleg rapport frå Asplan Viak vedk. Løysing av overvassproblema ligg føre.

Rapporten konkluderer med at ved å anlegge av vingemur framfor innløpet av rørgata, vil den kunne oppnå tilstrekkeleg kapasitet til å ta seg av ein 200-årsflom i dette området. Dette inkluderer ikkje overvatnet frå eksisterande byggefelt ovanfor(nordvest for) det nye byggefeltet i Grønveita;- dette blir i dag leia inn i ei anna rørgate lengre nord. Dette er kontrollert.

Video-opptak teke i heile rørgata, syner elles at det innvendig i røret ikkje er inn-snevringar eller hindringar av noko slag.

I tillegg til vingemur, må utløpet arronderast for å sikre oppstuving i samband med springflo.

Kostnad for begge tiltaka vil ligge i storleiksorden 100.-150.000 kr. om ein inkluderer evt. ukjende faktorar.

Prinsippskisse av vingemur ligg ved.

KONSEKVENSAV POSITIVT VEDTAK

Proessen omkring overvassproblematikken i dette området har pågått i 3-5 år, og har gjeve tilsvarande forsinkelse i reguleringsprosess og utbygging av byggefeltet Grønveita.

Eit positivt vedtak vil medføre at reguleringsprosessen kan fullførast og utbygginga av byggefeltet kan gjennomførast.

Aktuell utbygger og evt. seinare utbyggjarar vil kunne unngå diskusjonar om overvassproblematikk, og nye reguleringsplaner vil unngå motsegner.

KONSEKVENSNAR AV NEGATIVT VEDTAK

Nye runder med diskusjonar om korleis løyse overvassproblema i dette området og også andre områder i framtida.

Problema vil måtte løysast for kvar enkel utbygger, noko som medfører dyrare og truleg også dårlegare løysingar.

Sakshandsamar si vurdering

Seinare års fokus på problematikken rundt aukande nedbørsmengder og påfølgande auke i overvassmengder, tilseier at overvassanlegg må/bør vere ein del av eit fungerande avløpssystem, ikkje berre kloakkavløpet.

Underforstått betyr dette at overvatn/kloakk bør sjåast på under eitt, og at noverande kloakk-gebyr bør benemnst avløpsgebyr.

Dette er det no allmenn semje om innan fagmiljøa rundt omkring i landet.

Underforstått;- avløpsgebyra dekker kostnaden med både kloakk og overvatn.

Historisk sett har det vore liknande løysingar, men då ved at overvatn og kloakk var samla i felles leidningar.

Grunna strengare krav om rensing, vart det innført krav om separering av overvatn/kloakk på 1970 tallet, og overvassleidningane vart etter kvart meir eller mindre «gløymde» i avløpssamanheng.

I Selje kommune (og i andre kommunar også), er det framleis ein god del slike fellesleidningar som er i bruk. Nyanlegg vert imidlertid opparbeidd med overvatn og kloakk i separate leidningar.

Konklusjon

Med bakgrunn i at eksisterande rørgate med dimensjon 1000 mm er beregna å ha tilstrekkeleg dimensjon til å ta overvatnet frå området som skal drenerast, og utført kontroll av rørgata ved hjelp av video viser at ikkje er noko form for hindringar innvendig i røra, vert konklusjonen at aktuell rørgate bør kunne nyttast for bortleiing av overvatnet frå byggefeltet ovanfor.

For å sikre kapasiteten i høve ein 200-års flom, må inntaksarrangementet for røygata utbetrast ved etablering av vingemur i samsvar med rapporten.

Sjølv om utløpet av røygata ligg over normalt flo-nivå, bør dette arronderast slik at evt. stormflo ikkje fører til oppstuvning av overvatnet.

Den totale kostnaden med desse tiltaka vil ligge i området +/- 100.-150.000 kr. og bør kunne belastast sjølvkostområdet avløp.

Dette kan «forsvarast» med bakgrunn i at dei som har nytte av anlegget, allereie bur i eller skal busette seg i, eit området som har offentleg avløpsanlegg og betaler/skal betale avløpsgebyr.

Det vert tilrådd å ikkje krevje inn anleggsbidrag for ovanstående prosjekt.

»



Saksnr.	Utval	Møtedato
080/16	Kommunestyret	15.12.2016

Kontrollutvalet sak 37/16 - Rapport forvaltningsrevisjon - offentlege innkjøp - drift

Bakgrunn for saka:

Det vert vist til skriv frå Kontrollutvalet og deira sak 37/16 med vedlegg.
Kontrollutvalet ber om at saka går direkte til Kommunestyret, møtedato 15.12.16.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1.
Kommunestyret tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av offentlege innkjøp – drift – Selje kommune til vitende.
2.
Kommunestyret vedtek at rådmannen må organisere rutinar for offentlege innkjøp – drift-
- Selje kommune som inneheld:
 - * kravet til konkurranse
 - * utarbeiding av verdianslag
 - * konkurransegrunnlag
 - * kunngjøring for kjøp over terskelverdi (nasjonal og EØS)
 - * skatteattest
 - * protokollføring
3.
Kommunestyret vedtek at rådmann sørger for at verdianslaget i offentlege innkjøp – drift
- Selje kommune vert skriftleg dokumentert.
4.
Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av pkt.
2 og 3 framom til kontrollutvalet innan 01.06.2017.

Vedlegg i saka:

08.12.2016	Kontrollutvalet sak 37/16 - Rapport forvaltningsrevisjon - offentlege innkjøp - drift	1328145
------------	---	---------

Kommunestyret 15.12.2016:

Handsaming:

17 voterande

Votering:

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS- 080/16 Vedtak:

1.

Kommunestyret tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av offentlege innkjøp – drift – Selje kommune til vitende.

2.

Kommunestyret vedtek at rådmannen må organisere rutinar for offentlege innkjøp – drift-

- Selje kommune som inneheld:

- * kravet til konkurranse
- * utarbeiding av verdianslag
- * konkurransegrunnlag
- * kunngjøring for kjøp over terskelverdi (nasjonal og EØS)
- * skatteattest
- * protokollføring

3.

Kommunestyret vedtek at rådmann sørgjer for at verdianslaget i offentlege innkjøp – drift

- Selje kommune vert skriftleg dokumentert.

4.

Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av pkt.

2 og 3 framom til kontrollutvalet innan 01.06.2017.

Saksopplysningar:

Viser til saksopplysningar i Kontrollutvalet si sak 37/16 og vedlegg.



Saksnr.	Utval	Møtedato
081/16	Kommunestyret	15.12.2016

Kontrollutvalet sak 38/16 - Rapport forvaltningsrevisjon - offentlege innkjøp - investering

Bakgrunn for saka:

Det vert vist til skriv frå Kontrollutvalet og deira sak 38/16 med vedlegg.
Kontrollutvalet ber om at saka går direkte til Kommunestyret, møtedato 27.10.16.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1.
Kommunestyret tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av offentlege innkjøp – investering – Selje kommune til vitende.
2.
Kommunestyret vedtek at rådmannen må organisere rutinar for offentlege innkjøp – investering - Selje kommune som inneheld:
 - * utarbeiding av verdianslag
 - * konkurransegrunnlag
 - * kunngjøring for kjøp over terskelverdi (nasjonal og EØS)
 - * skatteattest
 - * protokollføring
3.
Kommunestyret vedtek at rådmann sørger for at verdianslaget i offentlege innkjøp – investering - Selje kommune vert skriftleg dokumentert.
4.
Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av pkt. 2 og 3 framom til kontrollutvalet innan 01.06.2017.

Vedlegg i saka:

08.12.2016	Kontrollutvalet sak 38/16 - Rapport forvaltningsrevisjon - offentlege innkjøp - investering	1328149
------------	---	---------

Kommunestyret 15.12.2016:

Handsaming:

17 voterande

Votering:

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS- 081/16 Vedtak:

1.

Kommunestyret tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av offentlege innkjøp – investering – Selje kommune til vitende.

2.

Kommunestyret vedtek at rådmannen må organisere rutinar for offentlege innkjøp – investering - Selje kommune som inneheld:

- * utarbeiding av verdianslag
- * konkurransegrunnlag
- * kunngjøring for kjøp over terskelverdi (nasjonal og EØS)
- * skatteattest
- * protokollføring

3.

Kommunestyret vedtek at rådmann sørgjer for at verdianslaget i offentlege innkjøp – investering - Selje kommune vert skriftleg dokumentert.

4.

Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av pkt. 2 og 3 framom til kontrollutvalet innan 01.06.2017.

Saksopplysningar:

Viser til saksopplysningar i Kontrollutvalet si sak 38/16 og vedlegg.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
102/16	Formannskapet	15.12.2016
082/16	Kommunestyret	15.12.2016

Kommunestruktur - ny vurdering

Bakgrunn for saka:

